

Oslo, 2. februar 2023

Klima- og miljødepartementet

## MANGLANDE MOGLEGHEITER FOR Å PÅVERKE ENOVA SF

Naturvernforbundet har vore positiv til etableringa av Enova SF. Støtte frå Energifondet til energisparetiltak er eit viktig verkemiddel for å utløyse det store potensialet for energieffektivisering og energisparing i Noreg. Enova har i aukande grad fått som oppgåve å støtte utvikling av teknologiar som er meint å redusere utslepp av klimagassar. Diverre har dette ført til at støtte til energisparing har kome i skuggen. Enova må difor få eit mandat som gjer det klart at støtte frå Enova er eit viktig verkemiddel som saman med reguleringar vil føre til iverksetting av tiltak for energieffektivisering og energisparing, også for modne teknologiar.

Enova er organisert som eit statsføretak og ikkje eit direktorat. Hadde Enova vore eit direktorat, kunne avgjerda bli klaga inn for departementet. Vi har nokre døme på at vi ikkje er samd i vedtak fatta av Enova. Utan å kunne klage er moglegheita for å påverke langt mindre.

Enova får tildelt midlar og fullmakter gjennom en eigen avtale mellom KLD og Enova. På den måten fratar KLD seg moglegheita til å gripe inn så lenge Enova held seg til avtala.

Vi har hatt ei oppsiktsvekkande sak knytta til at Enova tildelte Horisont Energi 480 millionar kroner til utvikling av CCS til prosjektet Barents Blue. Her vil Horisont Energi utvikle teknologi som skal fange 99,5 prosent av CO<sub>2</sub>-utsleppa frå eit anlegg som bruker naturgass. Vi hadde et eige møte med Horisont Energi der dei gjekk gjennom teknologien. Men dei innrømma at den førebels er umoden (skala 7 av 9). Vi kontakta Enova for å få grunngjevinga for tilskotet. Men sakshandsamar opplyste at vi ikkje kunne få grunngjevinga. Vi fekk opplyst at heller ikkje KLD har krav på å få grunngjevinga. Naturvernforbundet krev at Enova må vere meir open her.

Naturvernforbundet har engasjert seg i ei sak i Ullensvang kommune i Vestland. Her kan det verke som om Enova slit med å følgje sitt eige regelverk. Kommunen har i ei årrekke vore pådrivar for etableringa av eit biogassanlegg som skal omdanna storfegjødsel og avfall frå oppdrettsindustrien til energi. Naturvernforbundet er positiv til ideen om energiproduksjon frå avfall, men er skeptisk til lokaliseringa av anlegget og den kommunale/demokratiske prosessen i forkant.

Ullensvang kommune kunngjorde i starten av desember 2022 «*Varsel om oppstart av detaljreguleringsplan for Tryglavik, planID 46182022006*» at kommunen vil ha innspel til arbeidet med å legge til rette for biogassanlegget. To veker seinare (22. desember) annonserte Enova at dei løyver 30,3 millionar kroner til anlegget, og her oppstår konflikten i saka.

Ifølgje Enova sine retningslinjer skal ikkje dette skje under «Programkriterier for Biogass» og «Kvalifikasjonskriterier». Der står det: «... *grunnleggende offentlige tillatelser foreligger (aktuelle tomt må være regulert til formålet)*». Naturvernforbundet tolkar dette som eit klart signal mot utbyggjar og kommune at alle demokratiske prosessar må vere avslutta før Enova trør inn i saka.

Naturvernforbundet er sterkt kritisk til Enova sitt engasjement i Trygavik. Vi ønsker at departementet vurderer om Enova har neglisjert regelverket og korleis KLD kan få Enova til å følgje sitt eige regelverk.

Dersom ein aktør i ei kommunal sak bidreg med store pengesummar, før dei demokratiske prosessane er avslutta, vil det alltid prege utfallet av saka. I små kommunar er 30 millionar kroner ein betydeleg sum, som kan flytte det demokratiske fleirtalet. Arbeidsplassar og pengar er to sider av same sak og som ofte står mot naturverdiar. I små samfunn som Odda og Jondal er dette enno tydelegare og ofte diskutert.

Naturvernforbundet meiner Enova bør vente med å gi tilskot til dei demokratiske prosessane er avslutta.

I Trygavik og Ullensvang står konflikten mellom urørt strandsone og nærheit til eit naturreservat mot biogass og industri. Enova si rolle har gjort det enklare for biogassaktøren å etablere seg og dermed øydeleggje verdifull strandsone og natur. Dette kan neppe vere intensjonen med Enova og den grøne omstillinga, men i Trygavik er realiteten at statsføretaket Enova forserer naturkrisa.

Med venleg helsing  
Naturvernforbundet



Truls Gulowsen  
leder